

## Yngste strikkar var 6 år

14.10.2010



Yngste strikkar var Kristiane på 6

**I kveld har det vore strikkekafe på Gamleskulen og Uskedal Utvikling har grunn til å vera fornøgd med frammettet.  
Det kom rundt rekna 25 og den yngste var berre 6!**

Det var Kristiane Skjelnes som var på strikkekafe for første gong og hadde med seg fingerstrikkeri. Mange av dei trufaste strikkarane var på plass, men det var også ein del nye fjes som dukka opp.

Kristlaug frå Porselensbua i Rosendal var fornøgd over å få presentert nye garntypar og Uskedalen Utvikling er glad for at ho kom på så kort varsel.

Og alltid trufaste Selma og Berit stilte med nydeleg heimebakst og kaffi. UU vil prøve å få til ein ny strikkekafe neste månad, og håpar mange vil komme innom då.



Det kom 25 til strikkekafeen denne gongen.